



Austrheim
KOMMUNE

Sjukepleiar med institusjonstillegg - 3 faste stillingar i 100 %

[Søk på stillinga ↗](#)

Nordliheimen, Austrheim
kommune

Er du sjukepleiar og ønskjer fast stilling med gode vilkår? Då er du velkommen til Nordliheimen sjukeheim i Austrheim kommune

Me har ledig 3 faste stillingar i 100 % på dag/kveld og på natt, og søker sjukepleiarar som er fagleg trygg og som trives med å arbeide med brukarar som har komplekse helseutfordringar.

Me kan tilby konkurransedyktig løn, med fast institusjonstillegg på kr. 40 000,- per år i 100% stilling. Om du ynskjer, kan du starte allereie no!

Nordliheimen er ein kommunal sjukeheim med 28 døgnplassar fordelt på langtids - og korttidsplassar, med ei skjerma eining og rom til ØHD. Her finn du ein gjevande arbeidsplass med faglege utfordringar i eit godt læringsmiljø.

Som sjukepleiar blir du del av eit tverrfagleg team som er opptatt av kvalitet og fagutvikling. Det tverrfaglege samarbeidet er godt forankra som eit ledd i helse -og omsorgstenesta sitt arbeid med kvalitetsforbetring.

Digitalisering og bruk av ny teknologi er viktige satsingar for framtida også i Austrheim. Nytt helse- og omsorgstun er under planlegging, og vegen dit skal me gå i lag.

Kven er du?

- Du brenn for sjukepleiarfaget og er ein bidragsytar i arbeidsmiljøet, er fleksibel, ser heilheita samtidig som du ser den enkelte pasient, pårørande og kollega.
- Du er kompetent, open, påliteleg og engasjert
- Du er sjølvstendig og dedikert, og har god kompetanse innanfor fagområdet
- Du er dyktig på kommunikasjon og er ein sterk relasjonsbyggar
- Du har godt humør, inspirerer og får andre til å blomstre
- Du er løysingsorientert og nysgjerrig
- Du er fagleg engasjert og brenn for faget og pasientgruppa

Det gode liv i Austrheim

Også i Austrheim er det travelt og krevjande å jobbe i helse- og omsorgstenesta. Men det skal også vere rom for fagleg utvikling, medverknad og glimt i auga. Her på kysten har me vind i håret og av og til vatn over hovudet både biletleg og bokstavleg talt. Men me vil jobbe i lag mot målet om endå betre helsetenester og å bidra til det gode liv i Austrheim.

Andre opplysningar

Søknadsfrist: Vert handsama forløpande

Alle nyttilsetjingar blir gjort med ei prøvetid på 6 månader.

Vi gjer merksam på at i følgje Offentleglova § 25, 2.ledd, kan opplysningar om søkjar bli offentlegett sjølv

om søker har oppmoda om ikkje å bli ført på offentleg søkerliste. Søker som har bedt om unntak, vil bli varsle før søkerlista blir offentleggjort.

Politiattest

I tråd med helse- og omsorgstenestelova § 5-4 vert det stilt krav om tilfredsstillande politiattest ved tiltrede.

 Arbeidsgivar:	Austrheim kommune	 Stillingar:	3
 Stad:	Austrheim	 Heiltid / Deltid:	Heiltid
 Stillingsittel:	Sjukepleiar med institusjonstillegg	 Tilsetjingsfor...	Fast
 Webcruiter-ID:	4669795407	 Stillingsprose...	100
 Sosial deling :	   		

Arbeidsoppgåver

- Pasientretta arbeid knytt til pleie, omsorg og behandling for dei som bur på Nordliheimen – enten dei er der på korttids- eller langtidsopphald
- Ivareta sjukepleiefagleg ansvar på vakt
- Samarbeida med pasient og pårørande, og gje bistand og opplæring i praktiske gjeremål, eigenomsorg og stell
- Rapportere og dokumentere i tråd med interne rutinar og gjeldande lovverk
- Halde deg fagleg oppdatert og bidra til fagleg utvikling

Kvalifikasjoner

- Norsk godkjent autorisasjon som sjukepleiar
- Du må meistre digitale løysingar og ha evne til å lære nye dataprogram ved behov
- Du må meistre norsk skriftleg og munnleg godt
- Personlege eigenskapar vil bli vektlagt
- Gyldig politiattest

Personlege eigenskapar

- Du brenn for sjukepleiarfaget
- Du trivs å arbeide med eldre og personar med samansette hjelpebehov
- Du trivs med ansvar og utfordringar
- Du vektlegg trivsel, kvalitet og samarbeid
- Du er trygg på deg sjølv og kan arbeide sjølvstendig og i team
- Du har gode samarbeidsevner
- Du er løysingsorientert

Både erfarne og nyutdanna er velkomne til å søke

Me tilbyr

- Fast stilling som sjukepleiar
- Konkurrsedyktig løn med eit fast institusjonstillegg på kr. 40 000,- per år i 100 % stilling
- Ein arbeidsplass med fokus på fagutvikling i eit lærerikt arbeidsmiljø
- Triveleg arbeidsmiljø med dyktige kollegaer
- God pensjonsordning
- Moglegheit for vidareutdanning
- Nytilsetttopplæring

Austrheimvegen 1019, 5943 Austrheim,
Norge



[📍 Opne vegbeskriving ↗](#)

Kontaktinformasjon

AHF

Anne Hildegunn Færøy

Kommunalsjef helse og velferd

📞 +4741441208

✉️ anne.hildegunn.feroy@austrheim.kommune.no

ATL

Åse Tresvik Låstad

Konstituert einingsleiar

📞 945 06 752

✉️ ase.lastad@austrheim.kommune.no

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industriebygda Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidssamfunnet til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!



[Bruksvilkår](#) [Tilgjengeleightserklæring for Webcruiter](#)